

NOTAT

Til: Kystvegprosjektet

Frå: Eivind Hjellum

Dato: 17.03.2009

Dok.ref: 07/1249-37/K1-233, K2-N02//EIHJ

Kopi: Statens Vegvesen – Fjordane
Naustdal kommune

Synfaring av strekninga Florø – Askvoll nordside.

Stekninga mellom Florø og Dalsfjorden er eit område som ikkje er så godt kjent. Det har difor vore eit ynske å gjere ei synfaring av geografien slik at ein kan gjere seg eit bilde av kva utfordringar og moglegheiter dette gir. Flora og Askvoll kommunar har i fellesskap lansert eit forslag til vegtrace som er lagt inn i vår overordna plan og dette har det vore ynskje om å få sjå i landskapet, evt også andre alternativ. Naustdal kommune har signalisert interesse for saka, ettersom den planlagde tracéen går gjennom ytre del av denne kommunen. Samstundes har Naustdal gitt uttrykk for at deira ynskje er bru over Førdefjorden og opprusting av RV611 frå Naustdal sentrum og vestover. Naustdal peikar også på planane om gruvedrift i Engebøfjellet (ikkje vedteke endå) som kan gi 170 arbeidsplassar. Ei så stor verksemd midt i regionen vår, vil sjølvsagt gjere det endå meir aktuelt med betre vegsamband mot Flora, Askvoll og Førde.

Kystvegprosjektet har også bru over Førdefjorden som framtidig mål, men har tenkt at ein i første omgang kan etablere eit ferjesamband over ytre Førdefjorden, og ta sikte på bru noko lenger fram i tid. Dette fordi Kystvegen omfattar fleire større tiltak og noko må nødvendigvis vente ein del år. Det er full semje om at målet er bru.

Synfaring tysdag 17.3.

Desse møtte:

Ordførar Arve Helle –Fjaler kommune - medlem i arbeidsutvalet for Kystvegen.

Ordførar Aud Kari Steinsland og Ole Stubhaug, Askvoll kommune.

Berit Seljeseth Osa og Lars Terje Standal, samf. utvalet Flora kommune

Ordførar Håkon Myrvang og Harald Eikeland, Naustdal kommune

Arnfinn Båtevik, Statens Vegvesen, Fjordane distrikt.

Eivind Hjellum, sekretær Kystvegen.

Synfaringa vart føreteke frå båt og fylgjande punkt blei synfart:

1. Helgøysundet. Skissert bruløysing med kort tunnel gjennom Nordre Sandviksfjellet og veg gjennom dalføret i retning Osstrupen bru. Ut frå tilgjengelege kart har vi funne at sundet er ca 200 m breidt. Ved observasjon på staden konkluderte vi med at den neppe er lengre enn 150m. Båten sin kartplottar indikerte ca 140m. (Dette må målast opp). Eit slikt bru/vegsamband er eit overkommeleg tiltak og vil gi stor positiv lokal verknad med kort veg til Florø frå krinsane i sør: Steinhovden, Høydalane, Stavang/Standal, Stavøy og ytre del av Naustdal kommune – og tilgang til utbyggingsareal i Steinhovden – Nytingnes med kort veg til Florø sentrum.
2. Osstrupen bru og terrenget innover langs Osstrupen blei synfart med tanke på mogeleg vegtrace Redal-Svardal-Osstrupen. Det er bratte fjellsider på begge sider av Osstrupen. Veg i dette terrenget må byggjast som tunnel. (Vegvesenet opplyser at brua i Osstrupen skal reparerast/forstekast)

- 3 Høydalane. Frå Høydalsfjorden observerte ein terrenget oppover lia over Høydalane. Med eit tunnelinnslag ca 180 – 190moh kan ein komme gjennom med ein kort tunnel under ”Jarskaret” til eit myrområde ovanfor Øvre Standal. Dette myrområdet ligg mellom kote 180 og kote 200. I sørkanten av myra er det tenkt ein kort tunnel under ”Øykjebergskaret” til lia ovanfor Kvellestad ved Førdefjorden. Her er terrenget slakt skrånande så det ser ut til å ligge til rette for veg i skrått terreng retning innover Fjorden. Lia blir brattare lenger inne.
- 4 Svortevik er gamal dampskipskai. RV611 går forbi berre få meter ovanfor kaien. Den gamle kaien er skjerma frå sør av nokre holmar utanfor, men den ligg utsett til for vind og sjø frå vest. Noko lenger aust er det også mogleg kailokalitetar, men ikkje spesielt gode hamnetilhøve. Stranda vidare innover på nordsida er utsett for vær og vind og ikkje noko stad som er spesielt godt skjerma frå naturen si side.
- 5 Flokeneset kai er også gamal damskipskai. Det er bilveg ned til kaien. Kaien ligg utsett til for vind frå vest. Tvers over bukta frå den gamle kaien ville ein ferjekai ligge meir skjerma. Det er også andre moglege lokaliseringar for kai i Flokeneset.
- 6 Indre Flokenesvågen. Vågen på austsida av Flokeneset er det klart best skjerma området for ein ferjekai i ytre Førdefjorden. Her er fleire moglege lokalitetar for kai. Frå riksvegen til strandkanten er det frå 200 – 500 m etter kvar ein legg kaien. Det ligg eit landanlegg og sjøanlegg for eit oppdrettsbedrift i denne vågen. Eiet stykke innover langs fjorden er også moglege lokalisering av ferjekai, så langt Flokeneset skjermar mot nordvest.
- 7 Lenger inne i fjorden er Kvammen gamal handelsstad som har gode hamnetilhøve, men då er vi langt inne i fjorden,- nesten til Ålesundet.
- 8 Ålesundet der Førdefjorden er på det smalaste, er ca 280 m Her blei det i si tid tenkt bru i samband med alternativ C2 i Kyststamvegutgreiinga frå tidleg 90 tal. Terrenget på begge sider er bratt og fjellendt. Tilførselsvegar vil kreve tunnell på begge sider av sundet.
- 9 Frå fjorden fekk vi god utsikt til Engebøfjellet. Ordførar Myrvang orienterte litt om planane for mineraluttak som vil bli ei stor verksemd dersom det blir sett i verk. Det er snakk om 170 arbeidsplassar, noko som sjølv sagt gjer det endå meir aktuelt med god veg både nord, aust og sør. Naustdal har behov for å oppruste RV611 frå Naustdal sentrum og vil gjerne har bru over Ålesundet.

Oppsummeringsmøte i Flokeneset:


- Nyttig synfaring.
- Vi skal få fram alle aktuelle løysingar for kryssing av Førdefjorden.
- Så planlegg vi ei synfaring for kryssing av aktuelle traceè (ar) over Askvoll.
- Naustdal vil orientere kommunestyret med sikte på å stille seg bak prosjektet.

18/3-2009
Eivind Hjellum


Vedlegg: Kartskisse – bilder.



**BILDER FRÅ SYNFARING AV VEGTRACE MELLOM
FLORØ OG ASKVOLL
17. MARS 2009**



Helgøysundet - Sandvik



Kvallestad sett frå Førdefjorden



Standal og Øvre Standal sett frå fjorden (prikka strek indikerer mogeleg vegtrace)



Ålesundet. Her er Førdefjorden på det smalaste, ca 290m